

www.blestlitteratur.no



EatenFish

bLEST Litteraturfest i Tysvær
Program 2019

bLEST 2019



Programkomiteen for bLEST 2019. Framme: Johnny Liadal, Marit R. Lothe (leiar), Hartvig Waage. Bak: Lillian Rushfeldt, Marthe Amundsen, Bjørg Rørtveit, Vivian Hauge, Kirsten S. Rolland. Ingvar Frøyland og Øystein Simonsen manglar på biletet men er også med i komiteen.



VELKOMMEN TIL BLEST 2019

Kjære alle bok- og litteraturelskarar i Tysvær og på Haugalandet.



Velkommen til litteraturfestival i Tysvær for 14. gong. Blestfestivalen har festa seg, og også i år har programkomiteen laga eit tett og flott program med berre godbitar. Her er bokbad, intervju, opplesing, utstillingar, musikkopplevingar og mykje anna.

Programmet bør interessere om du er barn, ungdom, vaksen eller senior. Her er program for barnehage, skule og godt vaksne. Alt for å heve fram litteraturen sine mange sider. Det heile tjuvstartar i Nedstrand med Per

Arne Dahl sitt foredrag om Sårbarhetens kraft. Så blir det tett program i 5 spennande dagar med litteratur i alle former. Her kan me blant mykje anna lære meir om folkeskikk i moderne tid, høyre om det norske oljeeventyret, Embla synger tonesatte dikt av Morten Salvesen, kunstverkstad og sjølsagt over dørstokken, i år hos Ingvild Myklebust.

Takk til programkomite for spennande og godt program. Nå er det opp til oss alle å ta til oss. Blestfestivalen samlar oss, byggjer nettverk og fellesskap. I år som i fjor tek me heile kommunen i bruk.

Velkommen til litteraturfestival!

Sigmund Lier, ordførar

Hadde eg kunna

Hadde eg kunna
Sko eg gøymt meg i bokstavane
Og bare venta på deg
te du kom for å lesa
Så sko eg ha kikka fram
Så du oppdaga meg


Og me sko ha funne tonen
Og lagt mången nye ord
Kanskje dansa litt i sanden
Og skyldt vekk gamle spor

Hadde eg kunne
sko eg gjømt meg i ditt blikk
Og alltid vært tilstede
når du trengte meg
Så sko eg gjort det
som fekk deg te å forstå
at eg like deg

Og me sko ha funne tonen
Og lagt mången nye ord
Kanskje dansa litt i sanden
Og skyldt vekk gamle spor

Hadde eg kunna...

Diktet er skrive av Morten Salvesen
les meir på side 17



Kortprogram

Tirsdag 5. november:

19.00: Nedstrand kyrkje	Per Arne Dahl. Sårbarhetens kraft H	8
-------------------------	--	---

Onsdag 6. november:

11.30: Nedstrandstunet	Engel i snøen. Opplesing v/ Anders Totland G	8
11.30: Vestibyen, Tysværtunet	Sauebonden sitt liv i Lake District og i Tysvær G	9
18.00: Vestibyen, Tysværtunet	Offisiell opning av bLEST 2019 G	11
18.30: Bestestova, Tysværtunet	Samtale med Ali Dorani. Tom Hetland intervjuer G	11
19.00: Husflidshuset, Grinde	Workshop: Skinn og lær v/ søstrene Miljeteig H	9
19.30: Nygaardsalen, Tysværtunet	Mørkredd. Unni Lindell blir intervjuet av Geir Tangen H	12

Torsdag 7. november:

15.30: Bestestova, Tysværtunet	Boklansering og avslutningsfest skrivegruppa G	12
17.00: Kunstgarasjen, Tysværtunet	Teikne-Workshop Ali Dorani B	12
17.30: Bestestova, Tysværtunet	Vaffel og vaksine	13
19.00: Nygaardsalen, Tysværtunet	Tore Kvæven om sine historiske romanar H	13
19.00: Sternestaden, Grinde	Ole Didrik Saugstad: Kampen om oksygenet H	14
19.00: Skjoldhallen, Grinde	Fotballmamma Hegerberg fortel H	15
20.00: Tollboda, Nedstrand	Intimkonsert v/Tom Roger Aadland H	15

Fredag 8. november:

11.30: Vestibyen, Tysværtunet	Lunsjkonserter med Munor G	16
17.00: Storsalen, Tysværtunet	Kino: Norgespremiere Snekker Andersen og julenissen H	16
19.00: Avanti, Frakkasgjerd	Turboverkstad med Martin Mentzoni U	17
20.00: Verkstaden, Rønnevik	Ordet og tonen. Embla og Morten Salvesen H	17

Laurdag 9. november:

09.30: Nygaardsalen, Tysværtunet	Boklansering Vingespenn 2019 G	20
10.00: Fredrikke, Tysværtunet	De kule kattene på Grønland. Konsertforestilling B	26
11.00: Fredrikke, Tysværtunet	Klovn med hjertet på nesen. Elisabeth H. Larsen B	26
11.00: Nygaardsalen, Tysværtunet	Ingar Sletten Kolloen: Under krigen H	20
12.00: Fredrikke, Tysværtunet	Anne Sverdrup-Thygeson: Insektenes hemmeligheter B	27
12.00: Nygaardsalen, Tysværtunet	Sigbjørn Johnsen: Det beste i livet H	21
13.00: Fredrikke, Tysværtunet	Virkelighetens monstre. Line Renslebråten B	27
13.00: Storsalen, Tysværtunet	Linnea Myhre: Meg, meg, meg H	21
13.15: Nygaardsalen, Tysværtunet	Anne Sverdrup-Thygeson: Insektenes planet H	22
14.00: Kunstgarsjen, Tysværtunet	Monsterworkshop. Line Renslebråten B	27
14.15: Nygaardsalen, Tysværtunet	Aage Storm Borchgrevink: Giganten. Om Statoil H	22
14.15: Fredrikke, Tysværtunet	Agnes Ravatn: Dei sju dørene H	23
15.30: Nygaardsalen, Tysværtunet	Sigrid Sollund: Om skikk og bruk i ei moderne tid H	23
16.30: Vestibyen, Tysværtunet	John Harald Log: Hva har du på knallerten? G	25
17.30: Nygaardsalen, Tysværtunet	Gunnar Garfors: Ingenstad. Reiseforedrag H	25

Søndag 10. november:

13.00: Nygaardsalen, Tysværtunet	Nytt i år: Lokal bLEST. Fokus på lokalhistorie H	28
17.00: Nedstrandsvegen 2237	Over dørstokken: Ryadeglede. Eva Isachsen H	29

B= BARN (alltid gratis) G=GRATIS H=HUGS Å KJØPE BILLETT

Arrangement i skule, barnehage og arbeidsplassar er ikkje tatt med i oversikten

Generell info

FESTIVALBOKHANDEL

AKSDAL BOK & PAPIR LAGAR FILIAL I TYSVÆRTUNET!

Frå onsdag 6. til laurdag 9. november vil Aksdal Bok & Papir ha ein sprett-opp bokhandel i vestibylen i Tysværtunet. Her kan du sjølvstakt kjøpe bøkene til alle forfattarane som er gjester under festivalen, og du vil også kunne møte forfattarar ansikt til ansikt og få ei signert helsing i boka.

MAT OG DRIKKE

MYKJE GODT PÅ MENYEN

Laurdag: Tysværtunet Kafé og Catering tilbyr frukost frå kl 08.30.
Resten av dagen: bLEST-suppe og godt brød, wraps og sjølvstakt litt søtt til kaffien.

Du kan også kjøpe laurdagspass inkl suppe m/brød for 585 kr.

Tysværtunet kafé er open alle dagar.



BILLETTAR OG PRISAR

BRUK NETTET OM DU KAN!

1. Det absolutt enklaste når ein skal kjøpe billett er å gå inn på nettsida **www.blestlitteratur.no** og kjøpe der.
2. Du kan og kjøpe billett på førehand i biblioteket, eller reservere på tlf 52757540
3. Ved ledige plassar er det også mogleg å kjøpe billettar i døra. Du kan betale kontant eller med VIPPS.

Prisane for dei fleste arrangementa ligg mellom 120 og 180 kr. Konsertar og enkelte foredrag har andre prisar. Sjå nettsida for meir informasjon.

Under 18 år? Du kjem inn gratis på alle arrangement i Tysværtunet laurdag 9.nov. Ta ut gratisbillett i billettluka!

Følgjekort gjeld på alle arrangement.

Laurdagspass 500,- (585,- inkl suppe) gir inngang til alle BLEST arrangement i Tysværtunet kulturhus 9.november.

NB!



TIRSDAG
5.november

Kl 19.00

Nedstrand kyrkje

Gjer det enkelt!
Kjøp billett på
nett!

ONSDAG
6.november

Kl 11.30

Nedstrands-
tunet

Gratis



bLEST-Tjuvstart: PER ARNE DAHL: SÅRBARHETENS KRAFT

Er det rom for sårbarhet i ei verd der det ofte er den sterkaste som trekk det lengste strået? Per Arne Dahl er ein glitrande formidlar, og vil dele sine tankar frå den nye boka si "Sårbarhetens kraft", -ei klok og varm bok om korleis sårbarhet kan gi ny stryke, og om korleis me kan leve med det vonde ingen ser.

Dahl har tidlegare utgitt ei rekke bøker som har seld i store opplag. I denne boka framstår den tidlegare biskopen, stortingspresten og leiaren frå Modum Bad som sjelesørgar for folk flest.

Musikalsk innslag ved Ingrid L. Skogvold. Kaffi og litt å bite i.



ENGEL I SNØEN OPPLESING OG PIANO V/ ANDERS TOTLAND

«Det er vinter, og det snør, men ikkje alle er ute og leikar i snøen». Slik er livet, og slik er denne boka. Engel i snøen er ein vakker, lettfatteleg og sterk roman om kor brutalt og kontrastfylt livet kan vere. Men boka er også lågmælt og varm, og skildrar vennskap og samhold som lyser opp sjukehuskorridorane.

ONSDAG
6.november

Kl 11.30

Vestibyen,
Tysværtunet

Gratis



SAUEBONDEN SITT LIV- i Lake District og i Tysvær LUNSJFOTELJINGAR V/ HARTVIG WAAGE

Hartvig Waage fortel om "Sauebondens liv" av James Rebek, boka frå Lake District i England som blei ein stor internasjonal suksess. Han drar samanlikningar med lokalt sauehald og fortel om eigen oppvekst og opplevingar på sauegard i Tysvær.

ONSDAG
6.november

Kl 19.00

Husflidshuset,
Grinde



WORKSHOP: SKINN OG LÆR v/søstrene Miljeteig LAG DINE EIGNE ENKLE PROSJEKT I SKINN

Gjer det enkelt!
Kjøp billett på
nett!

Bli med på ein kreativ bLEST-kveld med Søstrene Miljeteig som nyleg gav ut boka Skinn og lær. I denne workshopen får du ei innføring i de viktigaste teknikkane, som å skjære, hulle og punsle i lær. Du lærer også å montere maljer og metall. Søstrene Miljeteig gir deg inspirasjon til ulike prosjekt, og du får prøve deg på å lage nøkkelringar med tekst, merkelappar til huer, og armbånd med tekst eller broderi. Alt materiell er inkludert i prisen.

Boksalg, servering og loddsalg.

Søstrene Miljeteig har røter i Haugesund, men er sjølv busett på Austlandet. Skinn og lær er deira andre hobbybok,- og dei driv i tillegg hobbybloggen www.sostrenemiljeteig.no

ALI DORANI: Festivalutstillaren 2019

BÅTFLYKTNINGEN SOM VART REDDA AV KUNSTEN

Ali Dorani flykta frå Iran i 2013, berre 21 år gammal, og kom til Christmas Island med båt i august samme året. Der søkte han asyl. Som iransk flyktning vart han halden i varetekt i flyktningeleirar i australsk regi gjennom fire år, lengste tida på Manus Island. Han begynte å dokumentere med teikningar kor vanskelege forhold asylsøkarane har på Manus, og kor dårleg dei vert behandla der. Forholda i dei australske flyktningeleirane har blitt heftig internasjonalt kritiserte, og etter at ein ven hjalp til med å smugle teikningane ut, har Dorani fått stor internasjonal merksemd for sine teikningar under artistnamnet «Eaten Fish». Teikningane hans har m.a. blitt publisert i The Guardian, Washington Post, ABC News, New Matilda og Law, Text, Culture.


I desember 2017 kom han ved hjelp av organisasjonen ICORN til Stavanger som fribyforfattar, og er nå godt i gong med å bygge opp ei internasjonal karriere som kunstnar og fridomskjempar.

Du finn fleire intervju med Dorani på ma. BBC News, og hausten 2019 har historia hans også blitt formidla av den australske jazzsongerinna Elly Hoyt i operahuset i Sidney.

(Kjelder: Stavanger Aftenblad, Sølvsberget, og BBC)

“Art saved my life. Art gave me freedom. As an artist, I have a responsibility towards my art, to look after my art, because art was looking after me while I was in the detention center.”

-Ali Dorani



ONSDAG
6.november

Kl 18.00

Vestibyen,
Tysværtunet

Gratis



OFFISIELL OPNING AV BLEST 2019

V/ ORDFØRER SIGMUND LIER

Opning av kunstutstilling med Ali Dorani sin teikningar.
Kunstnerisk innslag av Linn Isabel Eiselsen, multi-kunstnar frå
Haugesund, som syng, er musikar, skriv tekstar, lagar teikneseriar og
musikk. Forfriskningar.
Samarbeid med Tysvær kunstlag og MUST Museum Stavanger

ONSDAG
6.november

Kl 18.30

Bestastova
Tysværtunet

Gratis



SAMTALE med ALI DORANI

TOM HETLAND INTERVJUER

Høyr den utrulege og fantastiske historia til Ali Dorani som berre 27
år gammal har opplevd og erfart meir enn dei fleste gjer gjennom
eit langt liv. Tom Hetland, tidlegare sjefredaktør i Stavanger
Aftenblad, intervjuer. Samtalen føregår på engelsk.
Linn Isabel Eielsen deltek.

I løpet av festivalen kan du også oppleve utstillinga «Integration is
a MUST» Migrasjonshistorien vår - Integrering gjennom forskning.
Studentar har intervjuar unge innvandrarar med smarttelefonane
sine og tatt eit bilde av noko som representerer deira identitet.
Samarbeid med Ali Dorani og MUST Museum Stavanger.

ONSDAG
6.november

Kl 19.30

Nygaardsalen
Tysværtunet

Gjer det enkelt!
Kjøp billett på
nett!



MØRKREDD

UNNI LINDELL OG GEIR TANGEN I SAMTALE

Ingen litteraturfest uten ein skikkelig krimkveld! Unni Lindell er den norske krimdronning, og fekk i fjor Rivertonprisen for beste norske kriminalroman "Dronen". På Blest sin opningsdag kjem du tettare på Unni Lindell enn nokon gong når krimforfattar Geir Tangen inviterer henne til ein personleg samtale om bøkene, uroen, angsten og skriveprosessen. Unni Lindell er ei dame som gir av seg sjølv og deler livet sitt med lesarane. I denne samtalen vert du meir kjent med hovekarakterane hennar, Cato Isaksen og Marian Dahle, og ho fotel om korleis ho jobbar og kva som skaper dei grusomme historiene i henne.

BOKLANSERING OG AVSLUTNINGSFEST

SKRIVEGRUPPA



På skriveverkstaden har eldre i fleire veker fortalt historier om gitte temaer og fått hjelp til å skrive dei ned. Denne dagen blir det høgtlesing, og deltakarene får bok med alle tekstane. Servering.

TORSDAG
7.november

Kl 15.30

Bestestova
Tysværtunet

TORSDAG
7.november

Kl 17.00

Kunstgarasjen
Tysværtunet

Gratis

TEIKNE-WORKSHOP med ALI DORANI

BLI INSPIRERT AV EIN INTERNASJONAL KUNSTNAR!

Ali lærer deg å teikne alle slags teikneseriar og ulike figurar. Kurset vil foregå på engelsk.
NB! PÅMELDING! Send melding til biblioteket på Messenger eller e-post: folkebibl@tysver.kommune.no
Frå 10 år.
Max 12 stk.



TORSDAG
7.november

Kl 19.00

Nygaardsalen
Tysværtunet

Gjør det enkelt!
Kjøp billett på
nett!

TORSDAG
7.november

Kl 17.30
-19.30

Bestestova
Tysværtunet



VG
Adresseavisen
Fædrelandsvennen



TORE KVÆVEN OM SINE HISTORISKE ROMANAR

VIKINGTID OG MIDDELALDER

Likar du å lese romanar som du lærer historie av? Ynskjer du at bøker skal være spennande og handlingsdrevne? Kva med dette bakteppet: Året er 1010 og eit vikingskip ligg til hamn i Roma for å drive handel. Ein kranjel endar med at kapteinen blir drepen og mannskapet vert lokka til tokt i det indre av Afrika for å finne ein føniskisk skatt. Det er handlingen i Tore Kvæven si debutbok *Hard er mitt lands lov* (2011). Den nyaste boka hans, *Når landet mørkner* (2018), trollbandt både meldarar og lesarar i beskrivelsen av det harde livet på Grønland i norrøn tid. Denne fekk han også Brageprisen for i 2018.

Støtta av Rog.Fylkesbibliotek / Bokåret 2019

VAFFEL OG VAKSINE

NÅR DU LIKEVEL ER HER: VAKSINER DEG MOT INFLUENZA



Som før vert alle innbyggjarar over 65 år inviterte til vafler og vaksine. Helsesjukepleierane vil ta godt i mot deg. Om du tar vaksine årleg frå du er 65 år, blir immunapparatet betre og betre rusta til å forsvare seg. Slik kan ein ta med seg denne effekten opp i eldre år – når ein verkeleg treng eit godt immunforsvar. Då kan influensa vere ei hard påkjenning og medføre komplikasjonar.

Vaksinen kostar 200 kroner.

Vel møtt til eit stikk og ei vaffel!

TORSDAG
7.november

Kl 19.00

Stemnestaden
Grinde

Gjer det enkelt!
Kjøp billett på
nett!



OLE DIDRIK SAUGSTAD: KAMPEN OM OKSYGENET BARNELEGEN, MENNESKET, FORSKAREN

Barnelege og professor Ola Didrik Saugstad er ein verdskjent forskar innan nyfødtdmedisin. Han har i en årrekke stått i front i kampen for dei mest utsette og sårbare. Dette året har han gitt ut boka «Kampen om oksygenet. Mitt engasjement for dei minste» som har vekt stor interesse og engasjement både i medisinske fagmiljø og blant «vanlege» folk.

I biografien fortel han om vegen frå medisinstudier i Oslo til eit liv som forskar og internasjonal ekspert. Om si kristne tru og eigen oppvekst. Og eit langt arbeidsliv der han ikkje minst har gitt dei aller minste ei stemme i debatten om «sorteringssamfunnet».

Saugstad er ein anerkjent og populær foredragshaldar både i Norge og utanfor landet sine grenser.

Det blir paneldebatt med refleksjonsspørsmål etter foredraget. Musikk ved Berit Johanne Folkedal. Servering av gjærbakst.

Samarbeid med Fermate Haugaland, Normisjon og Førresfjorden menighet.



TORSDAG
7.november

KI 19.00

Sosialrommet
Skjoldhallen
Grinde

Gjer det enkelt!
Kjøp billett på
nett!



Foto: Anne Veleur

FOTBALLMAMMA HEGERBERG FORTEL

OM ADA OG ANDRINE HEGERBERG

Gerd Stolsmo er mamma til to av verdens største kvinnelige fotballtalent. Ada vart i 2018 kåra til verdens beste kvinnelige fotballspelar og gjer karriere i Europas beste klubb, Lyon. Søster Andrine spelar for den rivaliserande toppklubben Paris Saint Germain. I samtale med Alf-Einar Kvalavåg (Tysvær Bygdeblad) fortel ho om jentene sin oppvekst og den eventyrlige reisa frå Hydro Cup på Sunndalsøra til gullballseremonien i Paris. Historia om Ada og Andrine er historia om store talent, voldsom viljestyrke og uendelege antal timar eigentrening. Samarbeid med Skjold IL, Falkeid IL, Stegaberget IL og Tysvær Bygdeblad

TORSDAG
7.november

KI 20.00

Tollboda
Nedstrand

Gjer det enkelt!
Kjøp billett på
nett!



TOM ROGER AADLAND

INTIMKONSERT I UNIKE LOKALE

Foto: Arvid Børretzen

Samarbeid med Nedstrand
museum og historielag

FREDAG
8.november

Kl 11.30

Vestibyen
Tysværtunet

Gratis



LUNSKONSERT med MUNOR

VERKLÄRTE NACHT

Tysk romantisk musikk frå slutten av 1800-talet. Komposisjonen bygger på diktet Verklärte Nacht av den tyske forfattere Richard Dehmel, som komponist Arnold Schönberg lot seg inspirere av når han i 1899 komponerte musikk ved samme namn til si kommande kone Mathilde. Samarbeid med Tysvær bygdeblad og Tysværtunet kulturhus.

FREDAG
8.november

Kl 17.00

Storsalen
Tysværtunet

Gjer det enkelt!
Kjøp billett på
nett!



KINO: Snekker Andersen og Julenissen: Den vesle bygda som glømt at det var jul

NORGESPEMIERE

Ei ny julefortelling frå Alf Prøysen sitt univers, og ein av våre mest kjente og kjære forfattarar.

Snekker Andersen og Julenissen er tilbake og denne gongen må dei hjelpe vesle Elise med å redde jula før det er for seint.

FREDAG 8.november

Kl 19.00

Avanti
Frakkagjerd

Gratis

TURBOVERKSTAD

LAG DI EIGA TEIKNESERIESTRIFE!

Bli med tegneserieskaper Martin Mentzoni og få di stripe inn i eit teikneseriehefte som du får med deg heim same kveld!

Multikunstnar Martin Mentzoni frå Haugesund er sjølvlært og har mange jern i ilden. Han brenn for ungdomskultur, musikk, kunst og design, og er ein drivande god brettkjørrar. Han er erklært avholdsmann og har bl.a. vært ambassadør for Idrett Uten Alkohol. Alder: 13-18 år.



Foto: Frode Goa

FREDAG 8.november

Kl 20.00

Verkstaden
Rønnevik

NB!
Dørene opnar
19.00

Servering av
suppe m/brød,
kaffi eller litt i
glaset



ORDET OG TONEN

EIT MØTE MELLOM MORTEN SALVESEN OG EMBLA

For nøyaktig 10 år sidan gav bandet Embla ut si fyrste plate «Når englane danse» der dei tolka tekstane til Morten Salvesen musikalsk. No møtest dei att for å prate og synge seg gjennom nokre av tekstane og melodiane.

Kva er historia bak ein tekst? Korleis tenkjer ein når ein skal setje tonar til orda? Og er det skilnad på den leste teksten og den same teksten som ord i ein melodi?

Denne kvelden møtest tekstane til Morten og melodiane til Embla i ein uhøgtideleg intimkonsert på Verkstaden Selskapslokale. Gjennom små forteljingar, litt drøs og mange fine musikalske augneblinkar inviterer vi til ein hyggeleg og kanskje litt annleis konsert.

Gjer det enkelt!
Kjøp billett på
nett!



JUL PÅ TYSVÆRTUNET KULTURHUS



Bestill julemiddag saman med konsertbilletten, serveres frå kl. 18.

08.12. kl. 19:00

SÅ HA EI GOD JUL DÅ!

- Tenorane og Steffen Horn

Tenorane og Steffen Horn sin julekonsert på Tysværtunet har blitt ein førjulstradisjon for mange. Med ei lun blanding av alvor og humor tek dei publikum med på si ferd gjennom klassiske perler, kjente og kjære julesongar, amerikanske croonerlåtar og eigenskrivne låtar. Det heile er regissert og koreografert av Tore Nysæther, som har over 30 års erfaring med å lage musikalske show i toppklasse.

På scena: Henrik Hundsnes, Aasmund Kaldestad, Hallvar Djupvik og pianist Steffen Horn.



Sal av øl og vin frå kl. 18.

18.12. kl. 19:00

HIM TE JUL

- Julekonsert med Vidar Johnsen

Vidar Johnsen gjestar Tysværtunet med sin kritikkroste julekonsert "Him te jul". Hans varme og nære tolkingar av dei vakraste julesongane me har kjem du garantert til å bera med deg inn i juletida. Me lovar ein magisk kveld, rett frå hjarta, ekte og ærlig.

Lengd: 1t 20min.



Sal av øl og vin frå kl. 18.



Bestill tapasbuffet saman med konsertbilletten, serveres frå kl. 18.

Meir info og billett kjøp: tysvertunet.kulturhus.no

LAURDAG 9. november:
bLEST-myldredag på Tysværtunet kulturhus

Litteratur, forfattarmøte, bokbad, foredrag, samtalar og andre spennande arrangement for barn og vaksne!


Laurdagspass (500,-/ 585,- inkl suppe m/brød) gir inngong til alle bLEST arrangement i Tysværtunet kulturhus denne dagen.
NB! Gratis laurdagspass for alle under 18 år!

Du kan sjølvsagt også kjøpe billett til kvart enkelt arrangement.

Bokhandelen har sprett-opp bokhandel i vestibylen, og der kan du også møte forfattarane til signering og ein prat.

I kafeen kan du kjøpe bLESTsuppe og anna godt,- nok ein god grunn til å bli lenge!

På dei neste sidene kan du lese meir om programmet.
Kom og nyt ein litterær påfyll-dag saman med oss!



LAURDAG 9.november

Kl 09.30

Nygaardsalen
Tysværtunet

NB! Frukost i
kafeen
frå kl 08.30

Gratis

LAURDAG 9.november

Kl 11.00

Nygaardsalen
Tysværtunet

Gjer det enkelt!
Kjøp billett på
nett!



VINGESPENN 2019

LANSERING

Tysvær historielag si årbok blir presentert med korte innlegg av artikkelforfattarar. Her får vi høyre om Aksdal senter 35 år, Skjold Aldersheim, Aksdal skysstasjon, lensmannsgarden på Årvik, Skogøybrørne sitt sagbruk, urtedyrking på Nedstrand, Vordeneset Billag, den gamle prestevegen frå Søvik osv.

Alt dette og mykje meir kan du lesa om i VINGESPENN 2019!
Samarbeid med Tysvær historielag




Foto: Morten Brøn



INGAR SLETTEN KOLLOEN: UNDER KRIGEN: VI MÅ IKKE FALLE



Ingvar Sletten Kolloen er i haust klar med første bind i den nye bokserien der han skapar eit heilheiltleg bilete at korleis både folk og styresmakter opplevde dei fem krigsåra. Mange kom i svært vanskelige situasjonar og måtte ta umulige valg. Kolloen sitt mål er å bringe lesaren tett på vanlege folk sitt liv, kjensla av å måtte tilpasse seg ein heilt ny kvardag, og korleis det vart opplevd der og då.

LAURDAG
9.november

Kl 12.00

Nygaardsalen
Tysværtunet

Gjør det enkelt!
Kjøp billett på
nett!



Foto: Dag W. Grundseth

SIGBJØRN JOHNSEN: DET BESTE I LIVET

STUBBER OM LIVET, DØDEN OG ALT IMELLOM

Sigbjørn Johnsen har forvalta svimlende summar som finansminister, men livet har lært han at den største glede finst i dei nære ting: Vårsola, ei skulder å lene seg mot, ein skitur med utsikt mot Mjøsa. Livet kan kome i plutslege kast som då han i løpet av kort tid mista kona og jobben som Fylkesmann. Livsgnisten har han likevel tatt vare på.

LAURDAG
9.november

Kl 13.00

Storsalen
Tysværtunet

Gjør det enkelt!
Kjøp billett på
nett!

LINNEA MYHRE: MEG MEG MEG

EI UNG KVINNE SI LEITING ETTER SEG SJØLV

Linnéa Myhre gir ungdom og unge vaksne ei ærleg og tydeleg stemme inn i samtida. Som forfattar og blogger, og nå også deltakar i tv-serien *Bloggerne*, tar ho opp mange viktige og aktuelle tema som psykisk helse, kroppspress og påverking. Den nye boka «Meg, meg, meg» er eit generasjonsportrett av ei ung kvinne i ei rastlaus samtid. Ei forteljing om skjønnhetsjag og press, forventning og voksesmerter. Det er ei bok om å leite etter seg sjølv og si eiga framtid, samstundes som ein skyv den unna. Intervjuer er Mona Terjesen.



Foto: Guro Beithaugen

LAURDAG
9.november

KI 13.15

Nygaardsalen
Tysværtunet

Gjer det enkelt!
Kjøp billett på
nett!



Foto: Håkon Sparre



ANNE SVERDRUP-THYGESON: INSEKTENES PLANET

OPPDAG DEI SMÅ HJELPARANE RUNDT DEG

Sverdrup-Thygeson er professor i bevaringsbiologi og har forska på insekt i mange år. Boka «Insektenes planet» har gjort stor internasjonal suksess, og handlar om dei nyttige og fascinerande småkrypa me ikkje kan leve utan. Insekta forvandlar visne planter, møkk og døde dyr til fruktbar jord. Dei bestøver blomar og er mat for andre dyr. Dei er rett og slett tannhjula som får verda til å gå rundt. Gled deg til eit engasjerande foredrag!

LAURDAG
9.november

KI 14.15

Nygaardsalen
Tysværtunet

Gjer det enkelt!
Kjøp billett på
nett!




Foto:Olav Bakken



AAGE STORM BORCHGREVINK: GIGANTEN

STATOIL OG DET NORSKE OLJEEVENTYRET.

Ein desemberdag i 1972 landar den ambisiøse leiarskikkelsen Arve Johnsen i Stavanger. Oppdraget er å etablere hovedkvarteret til det statlege norske oljeselskapet i Nordsjøbyen. Selskapet får snart navnet Statoil og blir symbolet på det norske oljeeventyret.

I Giganten fortel den prislønte forfattaren Aage Storm Borchgrevink for første gong historia om Statoil i bokform, ei historie som strekk seg gjennom fem tiår, og som også har sett sitt merke på Tysvær.

I samtale med Einar Tho.

LAURDAG
9.november

Kl 14.15

Fredrikke
Tysværtunet

Gjer det enkelt!
Kjøp billett på
nett!



Foto: Marius Viken

AGNES RAVATN OG DEI SJU DØRANE

HUMOR, MØRKE LØYNDOMAR OG FARLEG NYSGJERRIGHET

Ravatn blir av mange omtalt som ein av dei mest morosame forfattarane me har. Den nyaste boka hennar inneheld både ei mystisk forsvinning, eit vakse par på frustrert bustadjakt, og ein akademikar med detektivambisjonar. Agnes Ravatn sin lekre godtepose av ein roman har alt ein kan ønske seg av humor, intelligens og spaning!

Agnes blir intervjuva av Ina Solbøe og Isabel Ott.

LAURDAG
9.november

Kl 15.30

Nygaardsalen
Tysværtunet

Gjer det enkelt!
Kjøp billett på
nett!



Foto: Sturlason



SIGRID SOLLUND OG FOLKESKIKKEN

SKIKK OG BRUK I EN MODERNE TID

Korleis oppfører nordmenn seg i ulike situasjonar? Er me høflege eller uhøflege? Veit me korleis me skal te oss i ulike sitasjonar, eller hadde det hjelpe med ei lita innføring i folkeskikk? Sosiale medier og mobiltelefonar stiller oss overfor nye dilemmaer. På ein varm og morosam måte viser den populære programleiaren frå P2s Dagsnytt 18 oss vegen til eit litt høfligare liv, og korleis me menneske skal ta omsyn til kvarandre. Høyr henne i samtale med Marianne Losnegård.

TYSVÆRTUNET KAFÉ & CATERING

- dåp, julemiddag, selskap og minnestund



Kl 11.00-13.00
Bestestova,
Tysværtunet

Mat til alle anledninger kan bestillast hjå oss!

Tysværtunet Kafé & Catering har egne kafélokaler på Tysværtunet Kulturhus i Akسدal. Her serverer me alt frå brødmat, kaker og fastfood til heimelaga middag. Innan catering leverer me både kaker, snitter, koldtbord, tapas, middagar, julemat, og det meste ein ellers måtte ønska. Me har flotte lokaler der det kan arrangerast fødselsdag, barnedåp, bryllaup, julebord og minnestund.

På huset er det også gode lokaler til bruk ved kurs/konferanse for opp til 350 personar med rom som er egna for både større og mindre grupper. Me kan tilby ein god og variert kursmeny som blir tilpassa etter behov. Kontakt oss for meny.

Forespørsel om møterom rettes til: booking@tysver.kommune.no

Konferanse & selskap
TYSVÆRTUNET
KAFÉ & CATERING



LAURDAG
9.november

Kl 16.30

Vestibyen
Tysværtunet

Gratis



JOHN HARALD LOG: HVA HAR DU PÅ KNALLERTEN?

BOKLANSERING. I SAMTALE MED KAREN HESSEBERG

John Harald Log tar snart over som ny daleg leiar i FKH, men har dei siste åra vore leiar for ein av Steinsvik sine fabrikkar i Vietnam. Der er trafikkbiletet eit litt anna enn hos oss! Log gjorde mange interessante observasjonar av knallertar med ulik last, og la dei ut på Instagram under #hvahardupåknallerten. Bileta kombinert med artige tekstar har nå blitt til boka 52 uker kubikk for kubikk, og inntektene av boksalget går fullt og heilt til humanitært arbeid for folket i Vietnam.

LAURDAG
9.november

Kl 17.30

Nygaardsalen
Tysværtunet



Foto: Linda Cartrid



GUNNAR GARFORS: INGENSTAD

REISEFOREDRAG FRÅ VERDAS MINST BESØKTE LAND

Gunnar Garfors er verdas mest bereiste person, kjent for å ha besøkt alle land fleire gonger. I boka Ingenstad – på tur til verdas minst besøkte land tek han oss med til dei 20 landa i verda færrest av oss vel å reise til. Med ein solid dose empati, ei bønne med sjølvironi og omfattande kunnskap har han vevd opplevingane sine saman til ei lett, men ikkje lettvtint, bok som har fått strålende kritikkar. Frå scena tek han oss med på ei ujålete og ofte humoristisk reise.

Gjer det enkelt!
Kjøp billett på
nett!

bLEST for barn

LAURDAG
9.november

KI 10.00
Fredrikke
Tysværtunet

DE KULE KATTENE PÅ GRØNLAND

KONSERTFORESTILLING FOR HEILE FAMILIEN MED MUSIKK, LATTER, DANS OG MORO.

V/VERONICA SALINAS OG MARIA ORIETA

Historiene i sangene handler om kule katter som bor på Grønland i Oslo og har ni liv: om bjørnen Frank som er drosjesjåfør og spiller trommer, om elgen Truls som blir kjæreste med en sjiraff og om andre karakterer som alle har egne og spesielle historier. Akkurat som kattene har menneskene også "ni liv", og vi er alle forskjellige. Dette er noe som er flott og spennende. Fra 2 år.



LAURDAG
9.november

KI 11.00
Fredrikke
Tysværtunet

KLOVN MED HJERTET PÅ NESEN

BOK OG INTERAKTIVT SHOW V/ELISABETH HELLAND LARSEN

Klovner kan dukke opp på både sirkus og sykehus. Kanskje kan latter være magisk medisin for alle. Elisabeth Helland Larsen jobber som både klovn og barnebokforfatter og skal vise bilder og forteller fra bøkene sine som handler om å leke og om å ha det fint sammen. Hun har med seg mange hemmeligheter i kofferten og tar helt sikkert på seg den røde nesen i møte med publikum. Klovner kan både le og gråte og bøker kan få oss til å reise i fantasien. Forfattermøte/forestilling som passer fra 4 år og oppover.



NB! Også for barn: TEIKNE-WORK-SHOP med ALI DORANI sjå s.12

i alle aldre

LAURDAG
9.november

Kl 12.00
Fredrikke
Tysværtunet

INSEKTENES HEMMELIGHETER v/Anne Sverdrup-Thygeson

Spennende fakta om snorkelmygg, zombiebiller og andre småkryp rundt deg.

Anne Sverdrup-Thygeson er ekspert på insekter og tar deg med på en spennende oppdagelsesferd inn i insektenes verden! Du får høre om vepsen som gjør mariehøner til zombier, om larven som dreper andre insekter ved å prompe på dem og hvorfor de kule, ekle og litt plagsomme insektene er supernyttige for oss mennesker. Passer fra 7 år.



LAURDAG
9.november

Kl 13.00
Fredrikke
Tysværtunet

VIRKELIGHETENS MONSTRE

SKREKK OG GRU FOR DE SOM TØR!


Line Renslebråten forteller om de skumleste og farligste dyrene som fins; om monstre du knapt trodde eksisterte: om blubbefisken som er kåret til verdens styggeste dyr, om kulemauren som har verdens vondeste stikk og en fugl med giftige fjær. Men uansett hvor stygge og ekle disse dyrene er så er de like viktig for naturen som de søte og ufarlige. Line viser også hvordan du kan tegne noen skikkelig skumle dyr. Fra 7 år.

LAURDAG
9.november

Kl 14.00
Kunstgarasjen
Tysværtunet

MONSTERWORKSHOP

LÆR Å LAGE DITT EGET FABELDYR



Line Renslebråten lærer deg hvordan du ved hjelp av plastilina, perler og blomsterpinner kan skape ditt eget monster. Her er det kun fantasien som setter grenser på hva du kan lage. Line er utdannet kunst og håndverkslærer og lager fabeldyr på fritiden.

NB! PÅMELDING! Max 12 stk. Send melding til biblioteket på Messenger eller e-post: folkebibl@tysver.kommune.no

SØNDAG
10.november

Kl 13.00

Nygaardsalen
Tysværtunet

Gjer det enkelt!
Kjøp billett på
nett!



NYTT I ÅR: LOKAL-BLEST

FOKUS PÅ LOKALE UTGJEVINGAR PÅ HAUGALANDET

Her vil bøker frå Haugalandet og Sunnhordaland med historisk innhald bli presentert av sine redaktørar og forfattarar. Journalist Sigmund Hansen vil leia oss gjennom presentasjonane.

Bøker som du kan få stifta kjennskap med er:

- Årbok for Etne sogelag v/ Jostein Osnes,
- VINDETRE – årbok for sogelaga i Vindafjord v/ Gunnar Listog med fleire
- Bygdebøker for Vikebygd, Vikedal og Sandeid v/ Nils Olav Østrem
- HISTORIEN – Byheiene og Djupadalen gjennom tidene v/ Per Qvale
- Teatereventyret på Bømlø v/Kristine Sele,
- «Mostringer med livslangt og verdensvidt engasjement for bibelmisjon» v/Einar Vestvik
- Storm, saltråk og damstilla v/John Ståle Egge,
- Litt om Sevland i 1950 åra v/Oluf Simonsen
- Haugianarane på Haugalandet v/ Svein Ivar Langhelle
- VINGESPENN – årbok for Tysvær historielag v/Hartvig Waage

- og kanskje fleire!

Samarbeid med Haugesund historielag og Tysvær historielag

SØNDAG
10.november

Kl 17.00

Nedstrandsvegen
2237
Hinderåvåg

Gjer det enkelt!
Kjøp billett på
nett!



OVER DØRSTOKKEN: RYDDEGLEDE!

EVA ISACHSEN PÅ SOLBAKKEN, HINDERÅVÅG

Møt Eva Isachsen som er interiørkonsulent og forfatter av boka Ryddeglede. Isachsen fortel om korleis du kan skape ein ryddig og triveleg heim, og korleis du kan halde det ryddig og koselig over tid. Ho gir gode og praktiske tips og viser mange bilete med løysingar for ulike typar heimar.

“Over dørstokken” føregår i år heime hos Ingvild Rørtveit Myklebust og Torbjørn Feet i Hinderåvåg, Nedstrand. Huset deira er frå 1930-talet og har ei innhaldsrik og spennande historie som Ingvild vil formidle i starten av arrangementet.

Det blir kaffi og litt å bite i.

Journalist og interiørentusiast Mona Terjesen er programleiar.

NB: Parkering ved kyrkja/ butikken på Hinderåvåg.

Gå derfrå over gangbrua (mot Nedstrand). Solbakken er første hus på høgre side.

SKULE-BLEST

Alle elevene fra 1-10. klasse i Tysvær får besøk av forfattere og illustratører i bLESTveka. **Line Renslebråten, Veronica Salinas, Anders Totland, Elisabeth Helland Larsen, Michael Stilson** og **Ali Dorani** skal i løpet av tre dager turnere rundt på de 8 skolene i kommunen. Også Skeisvang vgs i Haugesund får besøk når **Agnes Ravatn** skal bokbades av elever ved skolen.



Line Renslebråten forteller om det mangfoldige livet under polarisen, Anders Totland om den norske slavehandelen og Veronica Salinas forteller fra boka Skyggen, som handler om å være redd for den som er fremmed.

Elisabeth Helland Larsen blir barnebokbadet på Grinde skole om boka Thipi og den hemmelige festen og har klovnemøte for de minste.

Michael Stilson, som i år ble kåret til vinner av Uprisen 2019 for boka Bare spille ball, holder foredrag for ungdomsskoleelevene. På Frakkagjerd ungdomsskole skal de eldste elevene høre den iranske satiretegneren Ali Dorani sin utrolige historie om hvordan han overlevde fire år i flyktningeleir på Manus Island og endte opp som fribykunstner i Stavanger.



Elevene ved Tysvær opplæringsssenter får i år besøk av Veronica Salinas som har skrevet Håndbok for språkkafeer. Boka handler om hvordan man kan bruke litteratur i integreringsarbeidet. Veronica vil holde foredrag og samtale med elevene som kommer fra mange ulike land. Dette arrangementet er støttet av Leser søker bok. Boka er illustrert av Axel Rios.



BARNEHAGE-blest

Temaet for barnehage utstillinga dette året er FNs Barnekonvensjon som har 30 års jubileum. I Tysværtunet vil ein kunne sjå korleis dei eldste i barnehagane har jobba med tema barnekonvensjonen og integrering.

Barnehagene skal bygge på verdigrunnlaget som er fastsatt i barnehageloven og internasjonale konvensjoner som FNs barnekonvensjon om barns rettigheter. Dette vil de sjå igjen i utstillinga.

Barnehagane vil også ha eit eige arrangement for førskulegruppene der dei kjem til Tysværtunet torsdag 7 november og ser på utstillinga, et god mat og får sjå filmen om Karsten og Petra som blir bestevenner.

ARBEID OG INKLUDERING - TYSVÆR VEPRO



Ansatte og arbeidstakere ved Vepro får besøk av Britt-Evy Westergård som har gledet mange med boka Venner som hun ga ut i 2014 sammen med Torill Heia med Downs syndrom. Dette er en bok for mennesker med utviklingshemming og deres hjelpere. I Tysvær vil hun fortelle om boka og det rike samarbeidet med Torill. Hun vil vise bilder og film og kanskje komme inn på ting man kan gjøre sammen. Britt Evy er førsteamanuensis ved vernepleierutdanningen ved OsloMet og har doktorgrad med temaet personsentrerte tjenester og livsfortellingsarbeid for voksne og eldre med utviklingshemming fra Universitetet i Edinburgh.

Takk for støtte og samarbeid!



Følg oss på nett og sosiale medier!

Eventuelle endringar i programmet
vil bli publisert
på våre plattformer

www.blestlitteratur.no



Facebook: bLEST Litteraturfest

Instagram: @blestlitteraturfest
#blest # blestlitteraturfest

E-post: mrlothe@tysver.kommune.no
Telefon: 52757540 eller 52757555

Velkommen!